

Nytt frå "Midtmoen"

ref. STEIN 1/1993 side 41-46

Det har vore mykje søking på denne staden. Særleg etter nye stuffar med bazzitt. I hundrevis av mikrodruser har det vore kikka etter små blå krystallar av dette litt særskilde berylliummineralet. Til fånyttes. Men så ein vakker dag i september kom eg under ver med at det er mest truleg at ein annan har hatt hell med seg. Arild Øen, ein samlar i frå Hønefoss har vitja staden i sommar og han har funne rette slaget. Det er nesten for visst. Den ser nett slik ut som det krystallet som gjekk med til analysa som fastlo bazzitt fyrste gongen. Lyseblått, klart og



sekskanta. Og denne gongen så har vi tatt bilete av han. Fragment av eit krystall nær ved som såg like eins ut er sendt til analyse. Så får vi sjå. Men vi trur ikkje dette kan vera aquamarin eller ein blå apatitt.

Arild fann og ei ny form på fluoritten frå Midtmoen. Klare, fine, ørsmå kuboktaedre. Ellers fortalde Lars Olav Kvamsdal meg nett

om Midtmoenmineralane: Nokre små grøne klumpar viste seg å vera *klinopyroksen* (augitt el. diopsid?).

Eit blågrønt belegg var *montmorillonitt* $(\text{Na}, \text{Ca})_{0,3}(\text{Al}, \text{Mg})_2$. $\text{Si}_4\text{O}_{10}(\text{OH})_2 \cdot n\text{H}_2\text{O}$ og at det er bestemt *markasitt* FeS_2 fra Midtmoen.

Om nokre av lesarane våre har vitja forekomsten og funne noko interessant, så vil vi i STEINredaksjonen gjerne få

høyre om det. Ta kontakt!

Siste: Vit.ass. E. W.-Pedersen, MGM med. at r-film 29190 viste bazzitt. Så veit vi det.

Steingrim Nuten